

Årsmelding frå styret 2013

Voss 10.02.2014

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar : Gunnar Gjerme

Kasserar: Åse Margrethe Kyte

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Kristin Lemme, Odd Tverberg og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

I 2013 har det vore ti styremøter, to grunneigarmøter, to veteranreff og open dag med konsert i juni, besøkt av ca 250 personar. Det har vore to omvisingar organisert av IFH.

Viktige hendingar:

Avtalen med grunneigarane er ferdigforhandla, og vert signert i januar 2014. Denne gjev oss eksklusiv rett til å drive omvising i området. Arbeid med å setja i stand objekta pågår for fullt.

Me er i forhandlingar med Voss Energi om straum til området, og me har hatt møte med Voss Folkemuseum om samarbeid kring utveksling av historie og bilete.

Interessegruppa er kome med i treårig LivOGLyst-prosjekt der fylkeskommunen bidreg med 100.000,- og Voss Kommune med 30.000.- per år.

Samlingar me har delteke på:

LivOGLyst-avsparkkonferanse i Hosanger

Studietur til Skottland, betalt av EU og arrangert av Fylkeskommunen

Vidsynkonferanse i Ålesund arrangert av Fylkeskommunen

Informasjons-/arbeidsmøte i Bergen arrangert av Fylkeskommunen

Webkurs i Bergen

Me har knytt til oss to nye personar: Wenche Myhre Carlisle har vore med på design og Torstein Ohnstad har laga heimesida. Me har ei eige gruppe som har stått for utarbeiding av heimesida; www.hedlebergetvoss.no. I tillegg har Thomas Hårklau hjulpe til med forretningsplan og grunneigaravtale, samt at advokat Heine Tvilde har vore med på grunneigaravtalane.

Heimesida er no på plass. Det er laga plan for kulturstien, og plakatmal og detaljert plan for omvisning. Det er også utarbeida brosjyrar. Kristin Lemme og Wenche Myhre Carlisle er leigd inn for totalt kr.16 000 for å gjera arbeid med brosjyrar og planlegging.

Søknader:

Det er sendt søknad om opptak som Economusee, denne vert behandla i fylkeskommunen i 2014.

Det er også sendt søknad til Norsk Kulturminnefond om midlar til restaurering av Songvehytta. Frå Voss Sparebank har me søkt og motteke 25 000 til rydding av kultursti.

Dugnad:

Arbeidet med kvilebrakka og Sigurdbenken er slutført. Sluttoppgjeret frå Norsk Kulturminnefond er venta tidleg i 2014.

Det er i år lagt ned 130 dugnadstimar på kulturstien i Norheimsmarka, og ca 150 timar på Kvilehytta og Sigurdbenken. I tillegg har det vorte ca 350 dugnadstimar på møter, planarbeid og søknadsskriving. Rydding av kulturlandskapet pågår som planlagt.

For styret;

Ingmar Hårklau Gunnar Gjerme Jan Olav Grevle

Åse M. Kyte

Odd Tverberg

Svein Kyte

Kristin Lemme